

Ny overvassleidning på Korsnes

14.08.2014

Til veke skal formannskapet behandla eit forslag frå rådmannen om kontrakt med Dimmelsvik Entreprenør om anlegg av ny overvassleidning frå fylkesveg 48 til sjøen på Korsnes. Kostnadsramma er 2,5 millionar kroner eks moms. Rådmannen får etter forslaget fullmakt til å forhandla fram ein utbyggjingsavtale med utbyggjaren av Ospelunden byggjefelt om eventuell delfinansiering av prosjektet.

Den eksisterande 400 millimeters overvassleidning er underdimensjonert no. Stadig oftare har leidningar gått fulle og sandfangkummar og slukar har ikkje teke unna vassmengdene. Det har ved fleire høve gitt flaumskader og etableringen av Ospelunden på oppsida av fylkesvegen vil auka tilrenninga.

Det kom 6 tilbod for etablering av 325 meter leidning og Dimmelsvik Entreprenør hadde det økonomisk mest fordelaktige. Ferdigforhandla lyder tilbodet på 2 389 150 kroner pluss moms. Det tek høgd for rin del uforutsette arbeider.

Kommuneplanen for vatn og avløp vedteke i fjor for Uskedalen var kalkulert til 5 millionar og målet var at det skulle rekka til overvassleidningen og avløpssanering i Beinavikjo/Halsane. Det siste prosjektet er godt igang og vert ferdigstilt i oktober. Det har ei ramma på knapt 4 millionar. Summen strekk ikkje til og det må til ei ekstraløyving på 1,5 million som innarbeidast i neste års budsjett.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen